

**Laurdag 15. juni spelar AristoCats opp til låvedans på Dønhaug. Dette vert avslutninga av aktivitetdagen med "Hopp i Havet" i Uskedalen denne laurdagen. Såleis blir det tilbod både for små og store i Uskedalen denne dagen.**

AristoCats har snart 40 års fartstid bak seg som danseband. I dag er bandet eit kjent og kjærort orkester som er godt forankra hos dei danseglade. Sidan oppstarten på Sotra hausten 1973 og fram til i dag, har bandet vore aktiv på både store og små scenar rundt om på Vestlandet. Og som dei fleste danseorkester har AristoCats med få unntak framført cover-låter frå andre kjende band. Dette har i all hovudsak vore favoritt -musikk frå 50, 60, 70, 80, og 90- talet.

AristoCats er eit populært danseorkester og spelar på dei kjende dansefestivalane rundt om i Sør-Norge, t.d. dansefestivalen i Seljord og Sel. Dei som legg turen til Dønhaug denne kveldenvil garantert oppleve ein triveleg dansekveld på låven.

Som vanleg vil det bli sett opp bussar etter arr. slutt. Billettar vert selde i porten. **Dønhaug har ikkje betalingsterminal, så gjestene må ta med kontantar for bruk i port og bar.**

For meir info viser me til [www.dønhaug.no](http://www.dønhaug.no) og [www.aristocats.no](http://www.aristocats.no).